

Velkommen til Kleppskulen



Informasjonshefte til minoritetsspråklege
foreldre/foresatte om samarbeid
heim – skule

Samarbeid heim - skule

Det er viktig for skule og heim å oppretta eit godt samarbeid. For å få til dette må ein kommunisera saman. Eit godt samarbeid er med på å styrka eleven si læring, trivsel og tryggleik på skulen.



-Snakkar de positivt om skulen vil eleven oppleve ein betre skulevardag -

Tolk

Når de skal samarbeida med skulen i Klepp kommune, kan de bruka tolk. Det er skulen som bestillar tolketeneste. Gje beskjed til skulen om de treng dette.

Foreldreansvar

Det er blant anna viktig:

At barnet får:

- frukost og sunn matpakke
- nok søvn

At barnet har:

- klede som passar etter været
- med seg nødvendig utstyr på skulen (eks: gymnastikklede, innesko, skulesekk)

At de som foreldre:

- møter til foreldresamtalar med lærar (konferansar, foreldresamtalar)
- møter på foreldremøte og andre samarbeidsmøte på skulen
- svarar på meldingar frå skulen
- gjer melding til skulen om barnet er borte pga sjukdom eller anna (tannlege, legetimar)
- søker barnet fri dersom det skal ha fri frå skulen
- at de tek kontakt med lærar om de ikkje forstår – det er lov å spørja!
- hjelper/motiverer barnet med lekser, og ser til at barnet gjer dei
- snakkar positivt med barnet om skulen heime

De som foreldre/føresette har hovudansvar for oppsedinga av og for læringa til barnet i samarbeid med skulen.


Skulen sitt ansvar

- å støtta foreldre i læring og oppseding
- vera med på å fremja barnet si sosiale og faglege utvikling
- legga til rette for god kommunikasjon og godt samarbeid med heimen
- ha foreldresamtalar/ konferansar og foreldremøte. Skulen skal dokumentera eleven si læring og utvikling
- skapa eit godt læringsmiljø som fremjar helse, trivsel og læring
- legga til rette for elevmedverknad

SFO

Barneskulane har tilbod om skulefritidsordning (SFO) frå 1.-4. klasse. Dette er eit foreldrebetalt tilbod.

Vi oppmuntrar til å bruka SFO, fordi barna her vil få bruka og øva seg i norsk. I samhandling med andre vil dei få både språkleg og sosial trening.



Utdrag frå Opplæringslova

§ 1-1 Formålet med opplæringa

Opplæringa i skule og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen åpne dører mot verda og framtida og gje elevane og læringane historisk og kulturell innsikt og forankring.

§2-1 Rett og plikt til grunnskuleopplæring

Grunnskuleopplæringa skal til vanleg ta til det kalenderåret barnet fyller 6 år.(...)Retten og plikta til opplæring varer til eleven har fullført det tiande skuleåret.(...) Dersom ein elev utan å ha rett til det har fråvære frå den pliktige opplæringa, kan foreldra eller andre som har omsorg for eleven, straffast med bøter dersom fråværet kjem av at dei har handla forsettleg eller aktaust.

§2-3a Fritak frå aktivitetar m.m i opplæringa

Elevar skal etter skriftlig melding frå foreldra få fritak frå dei delar av undervisning ved den enkelte skulen som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei på same grunnlag opplever som støytande eller krenkjande. Det er ikkje nødvendig å grunngi melding om fritak etter første punktum.

§2-8 Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar

Elevar i grunnskulen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skulen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar.

Konsekvensar ved fritak frå fag

I opplæringslova skal elevane få opplæring i alle fag som det er pålagt å ha i skulen.

Fritak kan få uheldige konsekvensar for elevane når dei skal inn på vidaregåande skule. Dersom eleven er fritaken frå eit fag/ deler av eit fag, kan skulen mangla vurderingsgrunnlag i faget. Eleven kan då stå utan tilbod om vidaregåande skulegang.

Det er derfor viktig at de som foreldre går i dialog med skulen dersom de skal ha fritak frå fag eller deler av fag. Ein må sikra at eleven ikkje vil møta utfordringar med dette på eit seinare tidspunkt.

I Noreg og Klepp deltar vanlegvis alle elevane i både religion, gymnastikk og symjing.



Klepp kommune